


nr. 7 - 2010

PIRION

- kulturavis for barnehagar og skular

Tekning: Andrea Tobekk




Å MØTE SORGA MED ESTETIKK

KORLEIS MØTER VI BARN SOM ER I SORG?
HJELPER DET Å LESE BØKER OG SYNGE SONGAR?

Scene: Midt i ferien skjer ei tragisk ulukke som berører eit heilt lokalsamfunn. Nokre veker etter ei vond gravferd skal ein søskenflokk møte kvardagen i skule og barnehage. Korleis handterer barnehagen det?

TEKST: TOYNI TOBEKK





— Når barna møtte oss, var det allereie gått ein måned sidan dei mista forelderen sin. Den månaden gav personalet tid til å førebu seg, fortel Kari, som var styrar i barnehagen og rektor på skulen på den tida.

Dagane rett etter ulukka og gravferda var det kommunen si krisegruppe som følgde opp barna.

— Sidan møttest krisegruppa og kommunen si tverrfaglege gruppe, som omfatta administrasjonen i barnehagen, helsesøster, PPT og ein koordinator, for å sjå på korleis barnehagen og skulen best kunne møte dei pårørande og barna, fortel Kari.

Ein slik situasjon hadde dei aldri vore i før, og det blei mange møte. Fruktbare møte, seier ho og peiker på kor viktig det var å kome saman på tvers av faggrupper for å drøfte, gje råd og dele kompetanse. Barnehagen og skulen hadde òg utarbeidd ein sorgperm som var til god hjelp i denne tida. I permen hadde dei samla alt frå praktiske tips til personlege erfaringar kring sorg og tap.

Biletbok om kreft

— For personalet i barnehagen, som skulle møte det yngste barnet som var i sorg, vart det viktig å førebu seg godt. Vi valde mellom anna å bruke boka *Da pappen til Johanne hadde kreft* som kjelde for dei vaksne.

Boka er skriven av Svein Kåre Handeland og er ei biletbok som fortel korleis det er for ein toåring å leve med ein far som har kreft.

— Vi var sjølvstøtt i ein anna situasjon enn dei i boka, men likevel kunne vi finne mange svar, seier Kari. — Kva seier vi til ungene? Kva seier vi ikkje?

For barnehagen vart det viktig å ikkje dramatisere situasjonen meir enn naudsynt. Ei enkel markering ved barnehage- og skulestart for å vise dei råka og dei andre barna at ein såg dei og var klar over kor vond situasjonen var.

— Vi valde ei kort markering, for så å gå vidare. Det skal vere greitt å gå i barnehagen.

No, nokre barnehageår seinare, meiner Kari at dei møtte barna på ein god måte. Men ho legg ikkje skjul på at den månaden dei fekk til å førebu seg før dei møtte barna, gav dei eit verdifullt pusterom.

— Hadde situasjonen vore meir akutt, måtte vi valt andre framgangsmåtar, meiner ho.



Lagde minnebok

Psykologane Inger Tidemann Bjelland og Ellen Marie Sivertsen Janse Van Vuuren har òg nyttige erfaringar å dele, frå arbeidet med ei sorggruppe for barn. Denne gruppa møttest utanfor skule og barnehage, barna var i alderen 7 til 12 år og hadde det til felles at dei hadde mista ein som stod dei nær.

Møta deira hadde rom for både refleksjon og praktisk arbeid. Her kunne barna snakke saman om korleis dei hadde det no, om ulike tema styrte av dei vaksne, og dei kunne småsnakke fritt i pausar og medan dei arbeidde. Kvart barn skulle i tillegg lage ei bok om den dei hadde mista. Boka inneheldt teikningar og skrivi, og i dette arbeidet fekk barna sin kunstnariske kreativitet rom til å bløme, fortel Bjelland og Janse Van Vuuren.

I tillegg til kreativiteten til kvart enkelt barn vart òg barna si evne til positive kjensler, latter og fjolling viktige element i gruppearbeidet. Dette kunne vere utfordrande for dei vaksne, men for barna og gruppa samla såg det ut til at latteren var ein avgjerande faktor for at barna treivst i gruppa.

Song frå Blåfjell

I sorggruppa til psykologane bestemte ungene seg for å synge kvar gong dei møttest. Det var ei naturleg uttryksform for barna.

Song og musikk kan ha ein forløysande effekt på kjenslene våre, fortel musikkvitar Hallgjerd Aksnes ved Institutt for musikkvitenskap i Oslo. I tillegg til at musikken lærer barn glede, gruppetilhøyrse, lytting og rytme, kan han også lære dei å spele på sitte eige kjensleregister, seier ho. Musikken kjem dessutan til oss tidlegare enn orda.

— Viss vi ser for oss at vi ikkje lever i bestemte aldersgrupper, men i domene av erfaring som oppstår i ulike aldrar og utviklingstrinn, så er det siste domenet vi erobrar, det språklege. Barn er mindre språkdominerte og meir bilete- og fantasistyrte. Spedbarn forstår ikkje orda til mor, far eller den som har omsorg. Men dei forstår rytme og klang og har ein musikalsk form for kommunikasjon med oss.

I eit slikt bilete kan ein sjå for seg at musikk kan ha ein viktig funksjon for barn i sorg, seier Aksnes og viser til ei historie frå eit foredrag av doktorgradsstipendiat Ingeborg Lunde Vestad. Historia fortel om eit barn som mistar ein omsorgsperson. Den vaksne dør ikkje, ho forsvinn, og ingen veit kor ho er. Barnet, ei jente, er tilbakehalden med kjensler i denne tida, men saknet etter den vaksne er der.

Før den vaksne forsvann, var ho med klassen til barnet og øvde inn songen «Tussa danser» frå *Jul i Blåfjell* (NRK). Tussa er kona til Erke, den eldste i Blåfjell, og Tussa forsvann frå Blåfjell då

BOKTIPS - OM DØD, SORG OG SAKN, FOR BARN OG UNGDOM:

Farvel, Rune — Marit Kaldhol

Eg kan ikkje sove no — Lunde/Torseter

Eg er her — Bente Bratlund

Blodrik — Kari Stai

And, døden og tulipanen — Wolf Erlbruch

Kjære Timo — Elin Brodin

Alene på den andre siden — Katherine Paterson

Brødrene Løvehjerte — Astrid Lindgren

Jeg elsker deg — Hilde Hagerup

I et speil, i en gåte — Jostein Gaarder

Jeg savner deg, jeg savner deg — Peter Pohl

Farvel, herr Muffin — av Ulf Nilsson

Appelsinpiken — Jostein Gaarder

Sommerlandet — Eyvind Skeie

Englepels — Iben Sandemose

Roy — Gro Dahle og Svein Nyhus

Gule roser til pappa — Anne Kristin Aasmundtveit og Hilde Kramer

Da pappen til Johanne hadde kreft — Svein Kåre Handeland

Mor og far i himmelen — Alf Kjetil Walgermo

Når dinosaurer gråter — Sverre Henmo

Tror du pappa gråter? — Hilde Ringen Kommedal

Trollet Trym og den hemmelige farven — Linn Stokke

Barnet og treet — Anne Kristin Aasmundtveit

Skal det være sønn!? — Historien om Elvis av Peter Schössow

Gullkula — Torhild Moen og Helge Bøe

Pappaen min bor i himmelen — Björg Thorhallsdóttir

Pelle og de to hanskene — Kari Vinje og Vivian Zahl Olsen

Har du tips til gode songar, bøker eller kanskje teater som passar i sorgarbeid? Send ein e-post til pirion@norsk-plan.no, så legg vi det ut på www.pirion.no.



ho ikkje rakk å kome seg inn i fjellet når den blå timen var omme. I «Tussa danser» syng barnebarnet Turte om korleis Tussa kjem tilbake til Erke i søvnen og bur inni hjarta hans og har han i hjarta sitt.

Skulen til barnet vel å syngje denne songen første skuledagen etter at den vaksne forsvann, og for barnet blir det nåla som punkterer ballongen, som Lunde Vestad skriv. Songen blir ein sorg-forløysande faktor, både fordi han er melodios og verkar roande, men òg fordi han er så sterkt knytt til barnet sitt minne om den vaksne ho har mista.



Farvel, Rune

I 2006 markerte forfattar og redaktør Ragnfrid Trohaug 20-årsjubileet for ei heilt spesiell bok med å skrive artikkelen *Når sorga får ord. Om årets viktigaste tjuetjue-åring*. i Klassekampen, seinare publisert på bloggen hennar. Dette var månader før Trohaug vart ny barnebok-redaktør i Det Norske Samlaget. Boka ho skreiv om, heiter *Farvel, Rune* og vart skriven av Marit Kaldhol i 1986.

I denne artikkelen fortel Trohaug om sine høgst personlege opplevingar kring det å miste nokon og å få ei bok i hendene som gir ho og ein veslebror ein knagg å henge sorga si på. Trohaug fortel korleis ho får denne boka av mora og les ho høgt for veslebroren, og korleis *Farvel, Rune* blir ei bok som treff dei i kjenslene deira og det med deira språk.

— Med slike munnlege avtrykk i skrifta kjente vi oss heime i den fiktive handlinga som stod oss nær. Den vanlege veggen mellom fiksjonen og oss var vekk, denne gongen handla det ikkje om nokon andre, men om oss, seier Trohaug.


Det er dette som går att i artikkelen: Opplevinga av å ha ein tekst som fortel historia til den som er i sorg, nett slik ho er, utan omsveip. *Farvel, Rune* blir døra mellom dei sørgjande barna og sorga deira.

— Eg er ti år og glad for at orda framfor meg er som dei er; ikkje noko innpakking, forenkling eller bortforklaring. Ingen døde kaninar eller kanskje ser vi den døde igjen som skytsengel, seier Ragnfrid Trohaug.

— Det er ein letnad at boka ikkje forsøker å innbille meg noko anna. Sara kjem aldri til å sjå Rune igjen, det veit både boka og eg.

For ordens skuld: Styrar Kari i byrjinga av teksten heiter ikkje eigentleg Kari. Både ho og miljøet hennar er anonymisert, men handling i historia er verkeleg.

Kjelder: Om barns forståelse av å miste noen og musikkens affordance — et eksempel fra kulturindustrien, Ingeborg Lunde Vestad
<http://ragnfridtrohaug.blogspot.com/2006/01/om-farvel-rune-i-dagensklassekampen.html>



Sov søtt, herr Spiss

Av Erna Osland
 Illustrert av Inger Lise Belsvik
 Mangschou 2010

I boka *Sov søtt, herr Spiss* får me både historia om herr Spiss som leitar etter søvnen, og fakta om korleis menneske og dyr søv. Kvifor må me sove? Og kvifor drøymer me? Dette er ei raus og innbydande fagbiletbok for dei minste.

Erna Osland har skrivje om dyr før, i samband med tema som mat, foreldre og vennskap. No er det altså søvn ho fokuserer på. Den leikne og lette historia om herr Spiss er skriven på vers, noko som gjer forteljinga både musikalsk og lett å hugse. Det er eit godt driv i teksten.

Og illustrasjonane til Belsvik er både varme, detaljrike og frodige. Dei gir historia ei god ramme og byggjer samstundes opp om handlinga. Både liten og stor vil ha stor glede av å lese om herr Spiss, som ikkje klarer å sove på grunn av halen. Han legg ut på ei eventyrferd for å finne søvnen. Her møter han både ein katt, ein hest, flaggermus, ender og ein torsk. Men ingen kan hjelpe han med å sove. Det kan han berre sjølv.

Faktadelen bak i boka er interessant og lærerik. Og sjølv om dei minste borna truleg treng ein del forklaring for å forstå korleis alle desse dyra søv og drøymer, vil det vere noko nytt i denne boka for dei fleste. Visste du til dømes at ei flaggermus kan sove opp mot 20 timar i døgnet?



Den hemmelege vegen til månen

Av Eivor Vindenes
 Illustrert av Helena Ohlsson
 Samlaget


Knut sit i trehytta si og er lei seg. Alle vennene har reist på sommarferie, det er berre han som må vere heime heile sommaren. Men så dukkar heldigvis Klara opp og tek Knut med seg på eit heilt spesielt eventyr. Plutseleg var det ikkje så kjedeleg lenger å vere heime i sommarferien.

Boka er ein del av Komet-serien for dei i aldersgruppa 6 – 8 år. Ho er oversiktleg og enkel å fylgje med i. Teksten er lettlesn og passar like godt for høgtlesing som eigenlesing for dei minste, noko som kan vere kjekt sidan ei bok som dette truleg kan bli eit vel stort prosjekt å kaste seg ut i åleine for ein 7-åring.

Teikningane er detaljrike. Dei skildrar ikkje berre historia, men klarer også å tilføre teksten noko nytt. Likevel har omslaget og uttrykket til boka noko forsiktig over seg. Biletet på framsida er tiltalende, samstundes som det skaper den gode stemninga. Men kanskje blir framsida litt for forsiktig med tanke på å kapre dei yngste lesarane?

Historia er både lun og varm. Dette er ei sterk forteljing om vennskap og om korleis ein kan oppleve det mest utrulege, dersom ein berre har fantasi til det. Klarer ein det, er det ingen kunst å klatre opp på månen.

Judith Sørhus Litlehamar



www.pirion.no

PIT PARION

FEST FOR DEN NYNORSKE BARNEBOKA

«Det finst så få bøker på nynorsk for barn og unge», høyrer eg ofte frå lærarar, foreldre, bokhandlarar og andre som burde vera nærast til å formidla litteratur til den oppveksande slekta. Men det er jo ikkje sant! Den nynorske barne- og ungdomslitteraturen er rik og variert, men det er framleis mange, også i dei nynorskskrivande områda av landet, som ikkje kjenner godt nok til han. Difor ønskte Stord kommune å løfta fram og feira den nynorske barnelitteraturen, og alle dei som skriv han. **RÉSULTATET VART FALTURILTU - NYNORSK BARNEBOKFESTIVAL, SOM GÅR AV STABELEN FOR FJERDE GONG 8.-12. NOVEMBER**

Stord er verdas største nynorskby, og mange flotte forfattarar har trødd barneskoa sine her i regionen. Så mange at «sunnhordlandsforfattar» er blitt eit omgrep. Men under Falturiltu ønskjer me å feira og visa fram nynorskforfattarar frå heile landet, og gje dei eit publikum på Stord, ei veke i året. Tidlegare festivaldiktatarar har vore Oskar Stein Bjørlykke, Rune Belsvik og Erna Osland. I år er det Hans Sande som er festivaldiktatar — ein fantastisk forfattar, formidlar og kunstnar, som har skriva for barn, unge og vaksne i mange sjangrar i snart 40 år. Kjenner du ikkje Hans Sande? Bli kjend med han på Stord i november! I tillegg til Hans Sande kjem Heikki Grøhn, Mary Bente Bringslid, Roald Kaldestad, Marita Liabø, Maria Parr, Atle Hansen, Bjørn Sortland, Marit Kaldhol, Torvald Sund, Tor Arve Røssland, Ragnfrid Trohaug, Inger Lise Belsvik, Tone Birkeland, Lars Amund

Vaage, Solfrid Sivertsen, Ragnar Hovland, Per Olav Kaldestad, og kanskje endå fleire.

Programmet under festivalen er rikhaldig, med opplesingar, framføringar, musikkspel, forteljekveldar og mykje meir. Me har program for dei yngste og dei eldste og vaksenkveldar med, men det viktigaste publikumet er barn og unge, som får møta forfattarar og bøker på skulen og i fritida heile veka. Fredag 12. november er det seminar på Høgskulen Stord/Haugesund, med tittelen Poesi og provokasjon. Seminaret har eit spesielt fokus på poesi for førskuleborn, og innleiarar er Hans Sande, Mary Bente Bringslid, Inger Lise Belsvik og Tone Birkeland.

Andre forfattarar du kan møta på Stord i veke 45, er Maria Parr, Marita Liabø, Bjørn Sortland, Marit Kaldhol, Atle Hansen, Roald Kaldestad, Per Olav Kaldestad, Tor Arve Røssland, Torvald Sund, Heikki Grøhn, Ragnar Hovland og Solfrid Sivertsen, og fleire kan koma til i løpet av hausten. Sjå fullt program og oppdateringar på www.falturiltu.blogspot.com. Vel møtt til Stord i november!



Hege Myklebust, komitéleiar for Falturiltufestivalen

© Hege Myklebust

Korleis skapar me ein kulturbarnehage?

OM KURSET Kulturavisa Pirion tilbyr kurs i kulturformidling for tilsette i amehage og småskule og elles andre som arbeider med små barn.

Kurset skal vere med å bevisstgjera dei vaksne på kva kultur ein ønskjer å for midle og syne korleis den lokale kulturen og historia er eit godt grunnlag for dette.

Ole Brum, Ola Tveiten eller Barbie, kor hentar barna opplevingar frå?

Samstundes blir det praktiske øvingar som dei vaksne kan ta med seg i sitt vidare arbeid.

Pirionkurset passar for både små og store grupper. Kurset varar mellom 6 og 8 timar.

OM PIRION Stiftinga Pirion gir ut kulturavisa Pirion åtte gonger i året. Me bidreg og fast til Fagbladet, seksjon kyrkje, kultur og oppvekst, åtte gonger årleg. Pirionkurset er eit tilbod me har til alle, heilt uavhengig av abonnement.

OM KURSHALDARANE Kurshaldarane våre har brei erfaring frå folkemusikk, forteljarstudium, kulturskule og kulturliv generelt.

KONTAKT Vil du tinga kurs eller få meir informasjon, ta kontakt med Pirion på epost pirion@norsk-plan.no eller finn meir informasjon på www.pirion.no.

Pirion kurs

Pirion

Tips oss på pirion@norsk-plan.no Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og www.pirion.no

PIRION ER STØTTA AV, KUNNSKAPSDEPARTEMENTET, FAGFORBUNDET OG LNK PIRION 7/2010, II. årgangen — ISSN 1502-3036 Utgivar: Stiftinga Pirion Adresse: Pirion, Næringsbedet i Vatlandsvåg, 4235 Hebnes Tlf: 52 79 04 82, faks 52 79 04 81. Heimeside: www.pirion.no Ansvarleg redaktør: Astrid Eidhammer Hjelmeland, tlf 52 79 04 84, mob. 97 19 47 88 E-post: pirion@norsk-plan.no Korrektur: Dag Gjerde Formgeving: Salikat design